



## INNKALLING TIL KONSTITUERANDE REPRESENTANTSKAPSMØTE I NGIR

Det vert konstituerande representantskapsmøte i NGIR **måndag 14. mars 2016 kl. 11.30** i Kjevikdalen.

### Sakliste:

- Sak 01/16 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 02/16 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll
- Sak 03/16 Val av leiar i representantskapet
- Sak 04/16 Val av nestleiar i representantskapet
- Sak 05/16 Val av valnemnd i representantskapet
- Sak 06/16 Orientering om NGIR
- Sak 07/16 Eventuelle innspel frå eigarane

Møtet startar med mat. Det vert ei omvising på anlegget. Ta difor med/på høvelege klede og sko.

Dersom du ikkje kan møta, meld frå så tidleg som mogleg, slik at me kan kalla inn vararepresentant. Melding kan gjevast til [post@ngir.no](mailto:post@ngir.no).

Kjevikdalen, 29.02.16

Sveinung Kråkås  
- Utgåande representantskapsleiar -

*Erlend Kleiveland*  
Erlend Kleiveland  
- Dagleg leiar -



## REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 14.03.16

Sak nr: 03/16

Sakshandsamar: H. Lysø

### Val av leiar i representantskapet

#### Saksutgreiing

I samsvar med NGIR sine vedtekter, §§ 9 og 10, har valnemnda i representantskapet for perioden 2011-2015 førebudd val av leiar i representantskapet for perioden 2015-2019.

Valnemnda for perioden 2011-2015 har hatt følgjande medlemmer:

Ståle Juvik Hauge (Lindås)  
Inga Jorunn Nåmdal (Modalen)  
Marianne T. Osa (Radøy)

Atle Håtuft (Meland) har vore 1. vara, og Liv Ulvøy (Austrheim) har vore 2. vara.

#### Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Liv Anne Aanensen (Modalen) vert valt som leiar i NGIR sitt representantskap for perioden 2015-2019.



## REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 14.03.16

Sak nr: 04/16

Sakshandsamar: H. Lysø

### Val av nestleiar i representantskapet

#### Saksutgreiing

I samsvar med NGIR sine vedtekter, §§ 9 og 10, har valnemnda i representantskapet for perioden 2011-2015 førebudd val av nestleiar i representantskapet for perioden 2015-2019.

Valnemnda for perioden 2011-2015 har hatt følgjande medlemmer:

Ståle Juvik Hauge (Lindås)  
Inga Jorunn Nåmdal (Modalen)  
Marianne T. Osa (Radøy)

Atle Håtuft (Meland) har vore 1. vara, og Liv Ulvøy (Austrheim) har vore 2. vara.

#### Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Torill Helland (Radøy) vert valt som nestleiar i NGIR sitt representantskap for perioden 2015-2019.



## REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 14.03.16

Sak nr: 05/16

Sakshandsamar: H. Lysø

### Val av valnemnd i representantskapet

#### Saksutgreiing

I samsvar med NGIR sine vedtekter, §§ 9 og 10, har valnemnda i representantskapet for perioden 2011-2015 førebudd val av valnemnd i representantskapet for perioden 2015-2019.

Valnemnda for perioden 2011-2015 har hatt følgjande medlemmer:

Ståle Juvik Hauge (Lindås)  
Inga Jorunn Nåmdal (Modalen)  
Marianne T. Osa (Radøy)

Atle Håtuft (Meland) har vore 1. vara, og Liv Ulvøy (Austrheim) har vore 2. vara.

#### Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Valnemnda i representantskapet får følgjande medlemmer for perioden 2015-2019:

Hardy Pedersen (Austrheim)  
Nina Stabell Øvreås (Lindås)  
Egil Kvingedal (Masfjorden)

Varamedlemmer vert:

Linne Lending (Solund) – 1. vara  
Ingmar Stuberg (Fedje) – 2. vara

Valnemnda vel sjølv leiar og nestleiar (jf. Retningsliner for valnemnda for representantskapet i NGIR).